

Andre partier: FrP, H, KrF, SL-TVØ

Endring 1: Sikre kompensasjon for administrasjonsutgifter (§ 5 tredje ledd)

- Kommunedirektøren sitt forslag: Administrasjonsutgifter som etter regelverket ikkje skal inngå i berekningsgrunnlaget, blir haldne utanfor berekninga. Dette omfattar mellom anna utgifter til sentrale administrative tenester som ikkje oppstår i den enkelte barnehagen.
- Endringsforslag:
«Sentrale administrasjonsutgifter i Øygarden kommune skal fordelast og inkluderast i berekningsgrunnlaget i den grad dei yter støtte til dei kommunale barnehagene (t.d. HR, IT, juridisk og økonomi). For å sikre reell likebehandling skal det dokumenterast at private barnehagar ikkje vert påførte ulemper ved at kommunale stordriftsfordelar vert haldne utanfor tilskotsgrunnen.»
- Grunngeving: Private barnehagar må dekkje HR-system, rekneskap og juridisk bistand av eiga lomme. Dersom kommunen trekkjer ut alle sine sentrale rådhusutgifter, blir tilskotet til dei private kunstig lågt, og likebehandlinga fell bort.

Endring 2: Mer føreseielegheit ved svingningar i barnetal (§ 7 og § 11)

- Kommunedirektøren sitt forslag: Inneber umiddelbart kutt og avrekning i tilskot frå 1. august dersom barnetalet øker.
- Endringsforslag: Det vert lagt til eit nytt ledd i § 11:
«Dersom ein privat barnehage opplever ein reduksjon i barnetal etter 1. august som skuldast forhold barnehagen ikkje sjølv råder over (t.d. flytting), og barnehagen kan dokumentere ledig kapasitet, skal tilskotet som hovudregel oppretthaldast ut kalenderåret for å sikre kontinuitet i bemanning og drift.»
- Grunngeving: Kommunale barnehagar må sjeldan kutte i bemanninga eller oppleve akutte budsjettkutt midt i eit halvår om eit barn flyttar. Dei private må få den same økonomiske bufferen for å sikre tryggleik for tilsette og barn.

Endring 3: Redusere det lokale skjemaveldet (§ 7 sjette ledd)

- Kommunedirektøren sitt forslag: Private barnehagar skal i tillegg rapportere talet på årsverk i det ordinære barnehagetilbodet som det er knytt pensjonsforpliktingar til per 1. august.
- Endringsforslag: :
«Rapportering av data skal i størst mogleg grad samordnast med eksisterande nasjonale rapporteringssystem (BASIL). Kommunen skal ikkje påleggje særkrav om lokal rapportering som aukar den administrative byrda for dei private barnehagene, med mindre det er tvingande nødvendig etter nasjonalt regelverk.»
- Grunngeving: Vi ønskjer å avbyråkratisere kvardagen for styrarar og eigarar. Tida skal brukast på barna, ikkje på unødige, kommunale særkrav og ekstra skjema.

Framlegget vart ikkje realitetsbehandla, men følgjer saka i høyringsperioden.

